



Hubb-musikarane er ei imponerende gruppe. (Foto: Thor Inge Døssland)

**40 Hubb-musikarar var samla i helga på Grasdal skule i Meland kommune..
4 av dei var frå Uskedalen.dei var Bjørn Naterstad(trombone), Vegard Døssland(kornett), Birgitte Hjelmeland(althorn) og Sindre Aksnes(slagverk).**

Då det var ein del kollisjonar med andre arrangement, var det denne helga behov for ein del vikarar. Ein av desse var Bjørn som slutta etter å ha nådd aldersgrensa på 20 år til sommaren. Det var kjekt både for Bjørn sjølv og venner i korpset at han var tilbake på Hubb-samling.

Samlinga varte frå fredag klokka 18, og vart avslutta med ein imponerende konsertsøndag ettermiddag.

Konserten hadde som alltid høgt kvalitetsnivå. Det var eit variert og godt program slik publikum likar. Den vart avslutta med ein skikkeleg spenstig versjon av Vamp sin slager 'Månemannen'. Då var det skikkeleg trøkk, og publikum song med av full hals.

Dyktige Frode Rydland var dirigent på samlinga/konserten, og han hadde arrangert både 'Månemannen' og fleire av dei andre numra i ikonserten.

Etter denne flotte konserten reiste ein del av Kvinnheringane vidare og fekk med seg ein flott jubileumskonsert med Knarvik skulekorps der velkjende Jan Magne Førde frå Brazz Bros var dirigent og solist.

Neste samling for Hubb vert 18.-20.februar. Då vert det skikkeleg stor jubileumssamling på Knappskog på Sotra. (5 år).

Då vert også tidlegare medlemmeri Hubb invitert slik at det vert to korps; - noverande korps og eit korps av tidlegare medlemmer.

Dirigentar på den samlinga vert Helge Haukås og Eirik Gjerdevik.